

# Oppsummering frå medverknadsmøta

## Innspel Sogndal

### Redusere tal langtidsplassar

- At ein kan få bu heime so lenge som mogeleg
- At langtidsplassar ligg i sin kommune, nær sin familie, venner osv.
- At ein har rett kompetanse
- Vite og ha den tryggheita om at ein får god hjelp der ein er. Fagleg kompetanse, stole på systemet. Forutsigbarheit på at hjelpa kjem
- Kommunen bør ta kostnaden på å utdanne dei folka dei har
- Belastninga må ikkje bli lagt på den som er «frisk» i eit ektepar i heimen der ein er sjuk
- Viktig å få ned vikarteneste i kommunane, ivareta fast personale. Sparer mykje peng på å få vekk vikarbyrå.
- Kommunen må legge til dette for sosiale aktivitetar. Einsemd er kanskje verre enn utryggheita.
- Bygge bustadar som eldre kan få leige, som er tilpassa eldre.
- Ein eventuell reduksjon må ta utgangspunkt i innbyggjartal og alderssamansetnad
- Ønskjer langtidsplassar i alle soner
- Bu heime så lenge som mogeleg: Heimesjukepleie, dagaktivitetar over fleire timar, støttekontakt, pårørandestøtte, heimehjelp, BPA
- Særleg viktig med godt tilbod for einslege med demens
- Nærleik til familie
- Fastlegeordning ved omsorgsbustad/heimebuande
- Trygge, gode og forsvarlege tenester der ein bur
- Legge til rette for at ein kan bu lengst mogeleg heime
- Støttekontakt for dei heimebuande
- Trygghet uansett om ein bur heime eller på institusjon:
  - Stabilt personale
  - Branntryggleik
  - Einsemd
  - Godt samarbeid mellom ulike tenester
- Tilrettelagde bufellesskap/seniorbustadar
- Lettare å få kontakt og hjelp frå tildelingskontoret
- Tilgjengeleg dagaktivitet/stove
  - Felles måltid
  - Sosiale aktivitetar
- Legge til rette for at ein kan bu lenger heime, ta i bruk hjelpemiddel
- Etablere mindre bufellesskap, eldrekollektiv
- Stille krav til at ein ordnar og førebur eigne bustadar til å møte alderdomen
- Tilbod om avlasting
- Auke involveringa av frivillige
- Satse på sentrumsnære bustadar
- Redusere tal tilsette som er innom den enkelte pasienten
  - Meir stabil bemanning

- I dag vert oppgåver skyvd til nokon som kan dei er på jobb
  - Meir effektiv, betre kjennskap til pasienten
- Må ikkje føre til meir press på heimetenesta
- Støttekontakt
- God rehabilitering og avlastingsplassar
- Søke at ektefeller/søsken kan bu på same plass
- Nok leiligheiter/omsorgsbustadar i sentrum
- Betre transporttilbod («hent meg» el.)
- Prioritere fortau med brøyting/strøing
- Vaktmester i heimen, frivilligsentralen
- Ekstra boss
- Informere meir om den enkelte sitt ansvar og mogelegheiter for å møte eigen alderdom
- Legge til rette for aktivitetar, og syte for at informasjonen om det som skjer kjem fram til målgruppa. Papir heller enn digitalt.
- Transportordning
- Bygge fleire omsorgsbustadar
- Samle dei som treng tenester i omsorgsbustadar nær tenestene i kommunen for å gjere det triveleg, gjere det enkelt å delta og legge til rette for meir aktivitetar
- For høge krav for å få langtids plass i dag
- Tidleg inn i heimen med «hjelp til sjølvhjelp»
- Meir informasjon om støtteordningar, tilbod (Husbanken mfl.)
- Legge til rette for at frivillige kan delta meir heime hos folk
- Klyngetun av omsorgsbustadar
- Besøkvenn og støttekontaktordningar
- Legge til rette for at unge med funksjonsnedsetjing får eige tilbod, ikkje blande med td.
- Demente
- Gje god opplæring av tilsette, syte for nok tid og god kjennskap til pasientane
- Brøyting og strøing vil kunne gjere det mogeleg å bu heime lenger
- Dagsenter og handlebuss
- Rett hjelp til rett tid
- Motverke digitalt utanforskap
- Legge til rette for rekruttering
  - Pendlarhybel
  - Ulike turnusordningar
  - Større fleksibilitet
  - Vere med å forme eigen turnus
- Vere god på forventningsavklaring og kommunikasjon med brukarar og pårørande

## Samle alle korttidsplassar i ein institusjon

- Delt meining. Nokon meiner at det skal vere i bygda, andre at korttidsplassar kan sentraliserast
- Ved å samle kan ein få større fagmiljø (med til dømes fysio, ergo osv.)
- Ved å sentralisere vert det vanskeleg med besøk (i verste fall ikkje besøk). Lenger reiseveg.
- Saka tal på kva ein sparar
- Kan ha nokre avlastingsplassar på kvar institusjon
- Terminale/døyande pasientar må få plass på næraste institusjon
- Same kor, så lenge kompetanse og kvalifisert personale for rehabilitering og andre behov

- Mogelegheit for avlasting vil kunne utsette behov for langtidsopphald
- Palliasjonstilbod på alle institusjonar
- Bruke ressursane ein har på rett måte og rett plass
- Nærleik og tryggleik er viktig
- Ved opptrening må det vere tilgjengeleg fysio/ergo
- Fordelar:
  - o Personalet vert gode på oppgåvene
  - o Tilgang på rett fagkompetanse
- Lytte til brukarane sine ulike behov
- Ulemper:
  - o Lange avstandar til familie
  - o Lang reiseveg, stor verdi at pårørande kjem ofte innom
  - o Mister lokal kompetanse
  - o Reiseveg tilsette
  - o Dårlig kollektivtilbod
- Viktigast å halde på avlastingsplassane lokalt
- Språk og kultur – det er viktig å bli forstått
- Kostnadseffektivt å samle på ein astad
- Betre fagmiljø
- Færre leiarar, fleire ressursar til pasientane
- «Alle» (fysio, ergo, hjelpemiddel) på ein plass
- Bli kjend med andre som treng same hjelp
- Kvardagsrehabilitering
- Større fagleg utfordring
- Køyretid heimebaserte tenester
- Avlastingsplassar er det viktigaste å halde lokalt
- Viktig å få den hjelpa ein treng
- Kvaliteten på hjelpa må vere høg
- Rehabilitering som kognitivt oppegåande kan føregå kvar som helst
- Dersom kognitive utfordringar er det viktig med kjende omgjevningar
- Kan godt samle alle for å bidra til høg faglegheit i tilboda
- Flytte rundt på fysioterapeutane (ambulerande)
- Organisert trening for heimebuande
- Ha oversikt og kunne gje informasjon om tilbod som finst
  - o Private reinhaldsaktørar
  - o Vaktmestertenester
- Samle først mellom Leikanger og Sogndal, Balestrand er vansklegare på grunn av avstand
- Institusjon omgjort til omsorgsbustad for demente
- God samhandling mellom tenestene er viktig
- Kvalitet viktigare enn geografisk plassering
- Opplever manglande samanheng i kontakt med tildelingskontoret – ynskjer betre kommunikasjonsflyt

## Struktur kjøkkendrift

- I Balestrand kan ein til dømes bestille lokalt på hotellet mtp. lange avstandar, stengde vegar osv.
- Ikkje føreseieleg med tanke på infrastrukturen i Balestrand

- Varm mat, god mat + raudvin til kvelds
- God kvalitet på maten
- Treng fagkompetanse på diettar. Kost er viktig for eldre/sjuka
- Maten må komme fram med tanke på beredskap, klima, ras
- Tilpassa kost etter den enkelte sitt behov, spesialkost
- God mat som smakar godt
- Sikre arbeidsplassar
- Maten må sjå bra ut – ein et med augene
- Må ikkje føre til meirarbeid som går ut over andre tenester
- Halde på alle tre kjøkkene
- Kvalitet på maten, varmmat skal vere varm
- Viktig med tilbod om matombringning
- Vert større behov for tilpassa mat til brukarane (allergi mv.)
- Unngå at oppgåvene vert flytta til andre faggrupper, bruke kompetansen rett
- Mindre miljøvenleg med sentralkjøkken
- Nabokommunar har dårlege erfaringar – gått tilbake til desentralisert kjøkken
- Storkjøkken er eit godt alternativ
- Kvaliteten på maten må vere den same, uansett struktur
- Skape gode sosiale arenaar rundt måltida
- Viktig med næringsrik mat
- Viktig at maten vert laga lokalt, og bringa den dagen den er laga
- Kjøken som satsar på gode råvarer og sunn mat
- Same kvar den vert laga, så lenge den er dagfersk
- Helst lokalmat der det går, gjerne matkasseordning til dei som bur heime
- Kjøken og mat er ein viktig kvalitet
- Matlukta er viktig for trivsel og matlyst, legge til rette for at ein kan ete ilag
- Næringsrik mat med kvalitet, servert varm slik at ein slepp å varme oppatt
- Køyring har utfordringar knytt til miljø, store bilar osv.
- Kan vere vanskeleg for enkelte å varme maten heime
- Bra at nokon kjem innom med mat kvar dag
- Ikkje køyre ut berre ein gang i veka
- Ved å lage maten på plassen kan ein tilpasse porsjonane
- Bruke pensjonistar til å køyre ut mat
- Lage til fleire arrangement i samband med kjøkkene lokalt – feire bursdagar osv.
- Dersom sentralkjøkken må det vere gode fasilitetar lokalt for å kunne førebu måltida
- Fleksibilitet er viktig – tenke gjennom heilskapen

## Struktur vaskeritenester

- Store klesbudsjett
- Behalde arbeidsplassar, høgre kvalitet, mindre risiko for svinn
- Bør vere mogelegheit for vask av privattøy i alle soner
- Eitt vaskeri for industrivask/storvask for alle sonene
- Auka risiko for svinn
- Arbeidskle og sengetøy kan sentraliserast
- Halde på vaskeri for vask av pasienttøy
- Kostnadane må bestemme, same kor kledda vert vaska
- Vurdere samarbeid med Sogneprodukt
- Satse på tilrettelagt arbeid for vaskeritenestene

## Endre sjukeheim til omsorgsbustad i Balestrand

- Ikkje kalle det ein omsorgsbustad, men ein omsorgsplass
- Dei må vere døgnbemanna
- Auka press på Sogndal og Leikanger sine langtidsplassar
- Må vere godt tilrettelagt med hjelpemiddel
- Unngå at det fører til einsemd, og at det vert vanskelegare for frivillige å bidra
- Personleg belastning å bli flytta til ei anna bygd i siste livsfase, både for pasient og pårørande
- Kostnad med ombygging dersom det skal vere omsorgsbustadar
- Behalde helsetunet som omgrep

## Innspel Leikanger

### Redusere tal langtidsplassar

- Auka bruk av frivillige og støttekontaktar
- Komme tidleg inni heimen for å bidra til tilpassingar
  - Inngangsparti
  - Hjelpemiddel
- Skjerme Balestrand, vanskelege vegforhold og stor avstand
- Gi god informasjon om støtteordningar og tilpassingar
- Auke ressursane til heimesjukepleie og lågterskeltilbod
- Bidra til vaktmestertjenester (strøing, måking osv.)
- Førebygge einsemd, vite at det kjem nokon (skapar tryggleik)
- Faste personar som kjem
- Sosiale tilstelningar – møtepunkt for dei som bur heime
  - Gjere det lett å investere i eiga helse
- Bidra til at folk kan bu heime lengst mogeleg – utvikle dei nedste trinna i omsorgstrappa
- Transportløyisingar som er tilpassa tilboda og behova
- Opplevast som dramatisk å samle langtidsplassar
  - Særleg for Balestrand
  - Også med omsyn til pårørande
- Viktig at det vert gjort gode økonomiske vurderingar, økonomifunksjonane i kommunen må koplatt tett på helse og omsorg
- Viktig med gode overgangar frå omsorgsbustadar til langtidsplassar
- Viktig å få tenester når ein bur heime
  - Trening
  - Sosiale møtestadar
- Sikre tilstrekkelege ressursar for heimesjukepleie
- Legge til rette for praktisk hjelp, kople dei som treng hjelp med dei som vil og kan hjelpe
- Etablere ambulerande vaktmestertjeneste
- Legge til rette for aktivitet og arbeid for ungdom som fell utanfor
- Finne balansen mellom frivilligheit og kommunale tenester
- Viktig for pårørande at langtidsplassane er i nærleiken og i eit kjent miljø, også viktig for brukar
- Særleg viktig når det går mot slutten

- Auka risiko for dei som bur lenge heime for brann. Eldre med kognitiv svikt, medisinbruk kombinert med røyking toppar statistikken på brann
- God heimesjukepleie og heimehjelp og vaktmesterteneste
- Syte for tilrettelagde bustadar
- Sentralisering fører til meir køyring og auka risiko for ras og hendingar
- Vere tidleg ute med kartlegging og informasjon om korleis ein kan klare seg lengst mogeleg heime
- Samle rehab i Sogndal
- Viktig å halde på sjukeheimen i Balestrand
- Må ha nok bemanning – uroa for at den vert redusert i omsorgsbustadar
- Viktig å kunne besøke sine næraste
- Heimesjukepleien må styrkast
- Trening for eldre er viktig og bra
- Ikkje ta for mange duppedittar inn i heimen til folk
- Om ein skal bu lenge heime må det ikkje opplevast som eit fengsel, det må vere tilbod ein kan nytte seg av, aktivitetar
- Bruke mindre utstyr for å spare
- Psykisk helse er viktig
- Heve grunnbemanning og løn
- Positivt med trening, bra for det sosiale
- Ikkje alle har tilrettelagt heime
- Alle har ansvar for eiga helse
- Servicebuss/pendlarbuss dersom ein får plass langt vekk frå der ein bur
- Vansklegare for pårørande å bidra når avstanden vert større
- Viktig å få vere i den bygda ein høyrer til
- Trivsel betre når ein er på heimlassen, nær pårørande
- Nærheit til pårørande
- Satse på førebyggjande arbeid
- Utvikle fleire tilgjengelege bustadar som er tilpassa alderdom, ta i bruk bustadpolitiske verkemiddel
- Kan gje betre fagmiljø, men gjere det vansklegare å få til gode samarbeid med frivillige
- Legge til rette for at ein kan bu heime så lenge som mogeleg
- Gode nok omsorgsbustadar
- Tryggleik for pasientar og pårørande
- Evaluering av dagen, arbeidsmiljø
- Samarbeid med frivillige
- Tilskotsordning for ombygging i heimen
- Hjelp utanfrå:
  - Avlasting
  - Dagsenter
  - Støttekontakt (både for pårørande og pasient)
- Kurs i BPA-ordning
- Viktigast:
  - Gode hjelpemiddel
  - Styrke tenestene som skal til før langtids plass
  - Alt som kan bidra til at ein kan bu lengst mogeleg heime
  - Trening
- Einerom er viktig

- Våketeneste (i samarbeid med Røde Kors)

## Samle alle korttids plassar i ein institusjon

- Avlastingsopphald bør helst vere lokalt
- Korte/avgrensa opphald kan gjerne sentraliserast
- Palliativ/terminalpleie er viktig er lokalt og nær dei pårørande
- Tilflyttarar utan tilhøyrigheit eller familie lokalt vil truleg ha andre behov for å vere lokalt plassert i framtida
- Transportteneste for pårørande
- Viktig at dei er nær, skapar tryggleik i ein sårbar situasjon
- Samle ulike tenester for å gi best mogeleg kvalitet
- Viktig å behalde korttids plassar der det er viktig med nærkontakt med pårørande eller anna nært nettverk
- Rehabilitering krev ofte spesialkompetanse, og kan lettare sentraliserast
- Samle der det er best kompetanse og gode fagmiljø
- Kreftomsorg og palliative pasientar bør vere på kvar plass
- Avlasting kan vere på kvar plass, avhengig av diagnosar, viktig å ta omsyn til særleg demente og dei som sensitive på omgjevnadane
- Innføre fast fysioterapi på langtidspasientar, kanskje i samarbeid med frivillige
- Transportordningar
- Samordning av tenester
- Tilbod om vaktmester (gjernar mot betaling) og hjelp til branntryggleik
- Gjere det enklare å vere frivillig
- Digital hjelp
- Hjelp til å tilpasse heimen
- For rehabilitering er kvalitet viktigare enn geografi
- Palliativ pleie så nær pårørande som mogeleg
- Samle og heve kompetanse
- Gjere det lettare å rekruttere
- Lange avstandar og dårlege kollektivtilbod er ei ulempe
- Kartlegging på ukjent plass kan vere utfordrande for enkelte pasientgrupper
- Sentralisering kan bidra til ein anna kultur – rehabiliteringskultur, ikkje pleiekultur
- Viktig å få rett type teneste
- Lage gode tilbod for dei pårørande
- Betre å samle korttids plassar enn langtidsplassar
- Viktigaste å oppretthalde lokalt:
  - Demenstilbod
  - Siste fase – terminal pleie
  - Avlasting
- Viktig å behalde tilbodet på alle plassane
- Ikkje nokon fordel å bli flytta på
- Viktig å samle kompetansen der det trengst spesialkompetanse
- Palliasjon viktig å ha lokalt

## Struktur kjøkkendrift

- Mat er viktig
- Om det skal sparast kan ein kutte desserten

- Enklare å gjere tilpassingar med lokalt kjøkken
- Må tilsette fleire for å bidra til servering – frivillige kan bidra meir
- Mykje køyring er ikkje miljøvennleg, vegstenging og ekstremvær kan vere ei utfordring
- Matlukt på institusjonen gir appetitt
- Matkvalitet er særleg viktig når matlysta er dårleg
- Næringsinnhald er viktig, og maten må vere tiltalande å sjå på
- Desentralisert kjøkken gjere det lettare å tilasse til den enkelte sine behov
- Sentralisert kjøkken fører til redusert kvalitet på maten, mindre varm mat og mindre matlukt
- Mat som skal varmast i mikro fører til mikroplast i maten og auka avfallsmengde
- God mat er viktig
- Arbeidsplassar lokalt er viktig
- Vil ikkje ha industrimat, ynskjer nylaga mat
- Vil behalde kjøkken på kvar plass
- Friske pensjonistar kan vere med på måltida som frivillige
- Fint om pasientar i andre tenester kan levere ut mat
- Vil ikkje ha ultraprosessert mat
- Sjå på moglegheiter for inntekter og felles innkjøp
- Meir matsvinn ved sentralisering
- Mister sosial kontakt dersom matlevering vert sjeldan
- Moglegheit for individuell tilpassing
- God mat som smakar godt er det viktigaste
- Tilby mat til andre innbyggjarar
- Kompetanseutvikling for dei tilsette
- God dessert
- Må uansett bevare postkjøkken for å sikre fleksibilitet rundt måltida
- Vurdere «matvertar», skape eit godt miljø rundt måltida
- Ta høgde for hendingar – tenke beredskap

## Struktur vaskeritenester

- Miljøperspektiv ved transport
- Tek lang tid å få tøyet tilbake frå eksternt vaskeri
- Betre ordning for merking av kle + organisering av mottak av kle
- Meir køyring
- Ynskjer å behalde vaskeri i Balestrand
- Har ingen betydning korleis det vert strukturert
- Tap av pasienttøy på grunn av feilsortering
- Vanskeleg for pårørande å vaske tøy når ein bur langt vekk, viktig med lokalt tilbod
- Hente ut inntektspotensialet – vaske for andre
- Viktigare å halde på kjøkken enn vaskeri
- Lokale arbeidsplassar er viktig
- Tenke oppgåvedeling, unngå meirarbeid for dei som jobbar i pleien
- Fordel å ha likt system over alt

## Endre sjukeheim til omsorgsbustad i Balestrand

- Frede Balestrand – treng å ha tilboda lokalt grunna avstandar

- Viktig å tenke omsorgsbustadar i all nybygging i kommunen, auke omfanget av tilrettelagde bustadar
- Vil gjere det utfordrande for dei pårørande å besøke
- Balestrand vil trenge nokre langtidsplassar
- Omsorgsplassane må vere døgnbemanna
- Utfordrande køyreveg for pårørande og tilsette
- Samarbeide med Høyanger om tenester
- Må ta vare på legevaktspiloten
- Vil ikkje risikera å måtte bu i Balestrand dersom ein kjem frå Sogndal og treng omsorgsbustad, eller å måtte reise frå Balestrand til Sogndal for langtidsplass
- Kan fungere med heildøgnsbemanna omsorgsbustad som fungerer meir som ein sjukeheim i praksis – men vil auke belastninga på fastlegetenesta i Balestrand
- Viktig å ta omsyn til beredskap
- Viktig med fullverdig sjukeheim i Balestrand
- Sjukeheimen er viktig for bygda – vert den vekke kan det bidra til fråflytting
- Nærleik til pårørande og nærmiljøet
- Lang reiseveg, særleg uverdig for ektefelle
- Avhengig av å ha 24t døgndrift
- Alle vil helst bu heime så lenge som mogeleg
- Ikkje sikkert at det lokale er like viktig i framtida som no

## Innspel Balestrand

### Redusere tal langtidsplassar

- Lett å besøke egne
- Alle trinn i trappa må vere lokalt
- Rehabilitering mm. Kan vere sentralisert
- Fleire tilrettelagde bustadar
- At ein får den hjelpe heime som ein treng
- Haldningane til dei tilsette (kulturen på arbeidsplassen)
- Auka kompetanse med kopling mellom legevakt og helsetunet
- Sjå på folketalsutviklinga og alderssamansetjinga fram mot 2040
- Tilrettelegge heime, med hjelpemiddel og anna
- Heildøgnsbemanning viktig uansett
- Langtidsplassar må vere i nærmiljøet
- Rehabilitering er viktig. Må vere god kvalitet og vere samla
- Alle trinna i omsorgstrappa må vere på plass
- Oppretthalde ei teneste i Balestrand som sikrar fagmiljø, unngå at for mykje fagkompetanse vert vekke
- Legevaktspiloten er svært viktig
- Viktig med nærheit for pårørande og pasientar
- Viktig med heile stillingar
- Heimesjukepleie og heimhjelp med base i nærheiten
- Legevaktssatelitten er viktig for rekruttering
- Å kunne døy heime med fagfolk
- Kan få middag heim frå kjøkken
- Fellesområde (mat og aktivitetar)

- Vaktmestertenester
- Dagsenter + besøksvenn
- Innhald i tenesta er viktig
- Viktig å få tenester og hjelp utan å vere avhengig av ferje
- Viktig at pårørande kan vere tett på, særleg dei som har vanskeleg for å reise
- Tryggleik er viktig
- Må få hjelp raskt ved behov
- Viktig å bygge ut tenestene som gjer det mogeleg å bu heime
- Pårørande må få høve til å bidra som ressurs
- Kjennskap til dei som skal hjelpe er viktig
- Mogelegheit for å kunne tilby avlasting nært – slik at partner/ektefelle kan vere heime så lenge som mogeleg
- Treng tilrettelagde bustadar til leige og eige
- Tverrfagleg hjelp for tilpassing av eigen bustad for å kunne ta imot hjelp
- Mogelegheit for å enkelt tilgang til transport (sosialt, kulturtilbod osv.)
- Det må vere eit godt akuttmedisinsk tilbod som gir hjelp raskt
- Tiltak mot einsemd viktig å kunne vere heime
- Tilsette må akseptere å jobbe inn mot fleire tenester – meir oppgåvestyrt
- Satse på å utdanne dei som alt er her
- Bruke pensjonistar som ressurs
- Gode bustadar som er tilrettelagt for eldre
- Gode rekrutteringspakkar
- Handleskyss + sosialt
- Informere om kva tenester som finst
- Stabilt personale er viktig
- Satse på velferdsteknologi
- Kontinuitet hos dei tilsette, unngå stadig nye folk
- Auke grunnbemanninga for å unngå sjukefråvær
- Sikre tilbod til somatisk sjuke og dei med kognitiv svikt
- Legge til rette for meir samarbeid med dei frivillige, også i heimen

## Samle korttids plassar på ein institusjon

- Styrke sentralt, fagkompetanse på spesifikke former for rehabilitering
- Spesialisere seg, bygge fagmiljø
- Avlasting og kartlegging er viktig å halde lokalt
- Sjå samanhengen til det samla kompetansemiljøet
- Avlastingsplassane må sjåast i høve rammene til den som vert avlasta
- I rehabilitering er kvalitet viktigast. Det faglege er viktigare enn plassering
- Avlastingsplass er viktig å ha mot rehabilitering
- Rehabilitering kan samlast på Leikanger
- Avlasting må vere plassert i kvar bygd
- Samle fagkompetansen
- Sette opp buss for pasientar og pårørande
- Palliative rom i kvar bygd for pasientar og pårørande
- Nærheit kan vere viktig, men òg ha mindre å bety samalikna med langvarige opphald
- Korttids plassar for demente er viktig – viktig med kjende miljø
- Fordel:
  - Samle kompetanse

- Tverrfagleg hjelp
- Likare forløp
- Effektivt sidan hjelpa vert gitt av kompetente
- Ulemper:
  - Avstand
  - Nokre korttidsplassar er fordel å halde lokalt
- At korttidsplassane ikkje vert brukt til andre føremål
- Viktig å behalde lokalt:
  - Palliasjonsplassar
  - Beredskaps plassar
  - Avlasting, særleg ved demens
- Kartlegging bør vere lokalt, inkludert ergo og sjukepleie, synspedagog. Gjerne team som kjem til Balestrand etter behov
- Fagfolka må komme til brukarane, gjerne med faste dagar i Balestrand
- Kommunikasjon i heile systemet
- Dagtilbod/dagsenter må vere lokalt
- Besøk frå pårørande avlaster dei tilsette dersom det ligg lokalt, ta ein tur ut, prate
- Rasutsette strekningar mellom tettstadane
- Behalde drosjeteneste
- Nabohjelp

## Struktur kjøkkendrift og vaskeri

- Økonomi og praktiske omsyn må vege tyngst
- Viktig at klede vert vaska rett
- Viktig med lokal mat – del av miljø og ernæringsmessig behov
- Bruke folk meir fleksibelt lokalt (vask, kjøkken, pleie)
- Lokalt kjøkken gir større matglede
- Lettare å tilpasse til den enkelte sine behov ved lokalt kjøkken
- Vaskeri kan samlast, minst viktig å ha lokalt
- Sikre ein viss standard på tøyet
- Gje tilbod om vaskeritenester til heimebuande mot betaling
- Maten på sjukeheimen er svært viktig
- Lukta av mat er viktig for å stimulere folk til å ete
- Køyre ut mat til heimebuande
- Lokale kjøkken har godt omdøme
- Viktig å behalde arbeidsplassar
- Dårligare kvalitet frå sentralkjøkken
- Vaskeri er minst viktig
- Privat tøy må kunne vaskast lokalt
- Leve heile livet – tilbake til kjøkken for å støtte opp om god livskvalitet
- Betre med lokallaga mat enn sentralt produsert – lukt, tilpassing, glede
- Verdien er større enn berre på institusjon, viktig for å leve heime (ombringing)
- Lokalt laga mat gir rom for tilpassingar
- Viktig å ha tilbod lokalt
- Mindre svinn på privat tøy ved vasking lokalt
- Dersom ein må velje er kjøkken viktigare enn vaskeri
- Mogeleg å auke inntektene ved å tilby til andre?
- Samlingsplass for heimebuande med lokalt kjøkken

- Auke inntektene
- Sysselsette med bu og miljø
- Samarbeide med Sogneprodukt om vaskeri

## Endre sjukeheim til omsorgsbustad i Balestrand

- Viktig at det er minst like god kvalitet på tenestene
- Må ikkje bli for dyrt for brukarane (alle må ha råd)
- Ulempe at alle må betale likt uavhengig av inntekt
- Omsorgsbustadar svekkar den sosiale kvaliteten (det psykososiale miljøet)
- Helst behalde det ein har i dag
- Omsorgstrappa i Balestrand må vere ei fullstendig trapp
- Det må framleis vere eit godt fagmiljø
- Legevaktspiloten er avhengig av fagfolk
- Kor mykje må ein betale tilbake til staten om ein byggjer om?
- Fjorden er eit hinder
- Kan kome i ein situasjon der ein må leige sjukeheimsplassar hos andre
- Må vere ein viss storleik for å behalde fagfolk
- Heimetenesta må ha gode bilar (med firehjulstrekk)
- Balestrand må ha både sjukeheimsplassar og omsorgsbustadar
- Spesialisere nokre av sjukeheimane?
- Gode felleslokalitetar
- Må ha heildøgnspleie i omsorgsbustad
- Viktig å oppretthalde sjukeheimen i Balestrand for å halde på fagfolk og legevaktssatelitten
- Ha plass til demente og palliative
- Viktig for innbyggjarane at dei har ein sjukeheim i bygda
- Må ikkje miste dei store samfunnsinstitusjonane
- Balestrand må vere ei bygd der ein bu, jobbe og døyr i
- Vanskeleg å lite på at omsorgsbustad er mykje billigare enn langtidsplassar. Oppteken av innhaldet
- Nærleik er viktig, at ikkje dei som skal ha sjukeheimsplass vert sendt vekk
- Viktig med gode legetenester – kan legekantor erstatte tilsynslege mtp kapasitet?
- Utfordrande å rekruttere til mindre fagleg interessant jobb
- Ikkje ta ifrå Balestrendingane helsetunet
- Langtidsplassar i Balestrand, korttidsplassar på Leikanger, Sogndal i 3. høgda med aktivitets- og rehabilitering
- Så lenge endringa inneber likt tilbod, lik bemanning der ein kan ta i vare dei same pasientane er det i orden – papirvedtak
- Kvifor ikkje gjere om fleire institusjonar til omsorgsbustadar?
- Halve sjukeheimen til omsorgsbustad, halve til langtidsplass
- Krev auka legeteneste
- Hjelp til søknadar og andre praktiske organisatoriske ting/gjeremål
- Gjere tiltak for å redusere sjukefråværet